



DEN NORSKE KYRKJA

Storfjorden kyrkjelege fellesråd

Det kongelige Kulturdepartement
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

ØRSKOG, 01.10.2014

postmottak@kud.dep.no

Vår ref: 2014/189

Arkivkode 008.0

Høringsuttale: Nou 2014: 2 Lik og likskap

Storfjorden kyrkjelege fellesråd har i møte 01.10.2014 handsama gravferdsavgiftsutvalet sine forslag til endringar på gravferdsområdet og vil kome med slik uttale:

Storfjorden kyrkjelege fellesråd sluttar seg i hovudsak til dei hovudprinsippa som utvalet har kome fram til og forslaga til endringar

Fellesrådet sluttar seg til at kistegravlegging og kremasjon blir likestilt økonomisk og juridisk som gravferdsform. For at gravplassforvaltinga i små kommunar skal kunne ta ansvar for båretransporten til krematoriet, må fellesrådet vere sikra økonomisk overføring frå kommunen. Fellesråda må også vere garantert tilført nye midlar til sakshandsaming av søknader om oskespreiing. Fellesrådet kjenner seg ikkje sikker på at alle kommunar vil overføre tilstrekkeleg midlar til gravplassforvaltninga til at denne skal kunne ta ansvar for desse tenestene.

Storfjorden kyrkjelege fellesråd vil også streke under at dersom kommunane skal vedta ei eiga løyving til gravplassforvaltninga, må dette ikkje gå ut over ramma for løyving til den lokale kyrkja si verksemd.

Uttalane frå Storfjorden kyrkjelege fellesråd er gitt ut frå dagens kommunestruktur. Det kan synast som ein føresetnad for at desse endringane kan tre i kraft, at kommunereformen er gjennomført og det er etablert store nok kommunar til å kunne handtere desse endringsforslaga.

Storfjorden kyrkjelege fellesråd
Kolbjørn Gjære
leiar

Ester Walgermo
kyrkejverje